

Sakshandsamar:

Lars Erik Lunde
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no
Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 15/8179-37
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

973/18

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 09.01.2018

Notat

Frå: Fylkesrådmannen
Til: Fylkesutvalet, møte 23. januar

Vurdering av trafikksituasjonen for gåande og syklende på strekninga fv. 60 Ugla-Skarstein

Fylkesrådmannen vil i dette notatet gi ein omtale av dei vurderingane som vart gjort knytt til situasjonen for gåande og syklende i samband med fylkestinget sitt vedtak om utbygging av fv. 60 Ugla – Skarstein i FT-sak 6/2015. Vidare vert det gjort ei vurdering av dagens situasjon på strekninga ut frå oppdaterte trafikktal.

Bakgrunn

Fylkesrådmannen syner til notat til fylkesutvalet 4. desember 2017 om krav om bygging av gang- og sykkelveg på strekninga. Det vart her sagt at fylkesrådmannen ville kome tilbake til fylkesutvalet i januar 2018 med ei nærmare utgreiing om trafikksituasjonen for gåande og syklende.

Bakgrunn for nemnde notat var eit brev av 30.09.2017 frå Advokatfirmaet Harris som på vegne av Kontaktutvalet for Olden og Oldedalen gjorde gjeldande at vedtaket i FT 10.04.15 i sak 6/2015 - Fv. 60 Ugla - Skarstein er ugyldig grunna innhaldsmessige feil og grunna sakshandsamingsfeil.

I brev datert 23.11.2017 gjer Advokatfirmaet Harris merksam på at dei på vegne av partane ikkje delar fylkeskommunen sitt syn om at vedtaket er gyldig. Dei vil derfor vurdere å sende saka vidare til Sivilombodsmannen for vurdering.

Vurdering av trafikk og potensiale for gåande og syklende i FT-sak 6/15

Fylkesrådmannen vil innleiingsvis syne til vedtaket FT gjorde knytt til utbygging av prosjektet fv. 60 Ugla – Skarstein i samband med behandlinga av FT-sak 50/14 Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18), pkt. 4; «Ved utarbeiding av prosjektet ber ein om at det vert sett på moglege innsparingar og rimelegare løysingar fram til Fylkestinget i april.»

I FT-sak 6/15 vart det vurdert fleire moglege innsparingar i prosjektet, m.a. at det ikkje skulle byggjast gang- og sykkelveg på strekninga i samband med utbygging av vegen. Dette vart i saka vurdert til å gi ei innsparing på i storleiksorden 20 mill. kr.

I vegnormalen, handbok N100 Veg- og gateutforming, er det for dimensjoneringsklasse H2 (Nasjonale hovudvegar, ÅDT < 4 000 og fartsgrense 80 km/t) eit «bør»-krav til etablering av gang- og sykkelveg når:

- ÅDT er over 1000 og
- potensialet for gåande og syklende overstig 50 i døgnet, eller strekninga er definert som skuleveg

Slik kravet er formulert må både krav til ÅDT og ein av dei to føresetnadane i andre kulepunkt vere oppfylt for at det bør byggast gang- og sykkelveg. Fylkeskommunen har mynde til å fråvike dette kravet.

I fylkestingsak 6/15 vart det presentert slike tal for ÅDT og vurderingar for framtidig ÅDT på strekninga:

Trafikk

Vi har periodiske trafikkteljingar ved Frøholm. Siste trafikkteljing på strekninga var i 2012, og det blir gjort nye registreringar i 2015. Tabellen under syner registreringar frå 2004, 2008 og 2012:

År	ÅDT	SDT ¹	JDT ²
2012	1029	1487	1748
2008	1070	1654	1926
2004	1069	1494	1716

¹ SDT=sommardøgertrafikk (gjennomsnittleg trafikkmengde per dag i juni, juli og august)

² JDT=julidøgertrafikk (gjennomsnittleg trafikkmengde per dag i juli)

Kvistunnelen opna i 2012. Dette førte til at trafikken på strekninga auka meir enn den elles ville gjort. Dersom vi legg til grunn same prosentvise auke som på Utvikfjellet, vil dagens årsdøgertrafikk mellom Olden og Innvik vera om lag 1200 kjt/d. Dette vil vi få oppdaterte tal for etter trafikkteljing i 2015.

Når det blir bygd tunnel gjennom Utvikfjellet og bru over fjorden til Svarstad, vil trafikken på fv. 60 mellom Olden og Innvik verte lågare enn i dag. I samband med KVV Skei – Ålesund er trafikken ved Loen rekna til å bli om lag halvert i høve dagens trafikk. Mellom Innvik og Olden vil det framleis vera kortare å køyre dagens fv. 60 for å koma til ny E39. Vi er usikre på om vi kan rekna med ei halvering av trafikken på denne strekninga. Ut frå veglengder vil det vera nærliggande å legge til grunn at det går eit skilje litt sør for Loen. Trafikk nord for dette skiljet vil då velje å køyre den nye brua, medan trafikk med utgangspunkt/mål sør for skiljet vil i hovudsak køyra gamlevegen.

Vi har vurdert trafikktal med litt ulike utgangspunkt:

	Halvering av ÅDT	2/3 av ÅDT på gamlevegen
Ny ÅDT	600	800
SDT med 50 % auke om sommaren	900	1200
SDT med all sommartrafikk på gamlevegen	1100	1300

Ut frå dette kan vi anta at årsdøgertrafikken mellom Olden og Innvik vil vera i storleiken 600-800 køyretøy per døger når det nye veganlegget blir teke i bruk. Trafikken om sommaren vil bli noko høgare, i storleiken 900-1300 kjt/d. Dette er basert på dagens trafikknivå. SSB legg opp til slik gjennomsnittleg trafikktutvikling per år for Sogn og Fjordane i åra som kjem:

Tom. år	Lette	Tunge	Busser
2010	2,3	0,9	0,9
2014	0,4	2,2	2,2
2020	0,6	1,9	1,9
2030	0,6	2,1	2,1
2040	0,5	1,4	1,4
2050	0,6	1,1	1,1
2099	0,6	0,9	0,9

Ut frå dette kan vi rekne med at trafikken vil vera om lag på dette nivået i 2040, dersom ny E39 blir bygd frå Byrkjelo til Grodås:

	Med ny E39	Utan ny E39
Dagens trafikk (2014)	600-800	1200
Dimensjonerande trafikk (2040)	700-1000	1450
Sommardøgertrafikk (2014)	1100-1300	1800
Sommardøgertrafikk (2040)	1300-1600	2200

Vidare vart det i FT-saka presentert slike tal for potensialet for gåande og syklande:

Det er få bustader (~10) med direkte tilkomst til fylkesveg 60 på strekninga. I tillegg er det ein campingplass om lag 600-700 meter frå Olden. Talet for gåande og syklande som blir generert ut frå dette er relativt lite. Med prognose for trafikk på 700-1000 kjt/d og liten aktivitet på strekninga, kan vi legge til grunn at det ikkje er behov for gang- og sykkelveg ut frå desse kriteria.

Dersom heile gang- og sykkelvegen blir bygd utløyser den ein mogleg rundtur via kommunal veg over Indre og Ytre Skarstein. Dette kan vera attraktivt både for turistar og fastbuande.

Dei vurderingane som vart gjorde i FT-sak 6/15 var at framtidig trafikk på strekninga vil verte redusert som følgje av ny E39 med bru over Nordfjorden. Saksframstillinga viser at vegnormalen, ut i frå forventa framtidig ÅDT, ikkje set krav om gang- og sykkelveg på strekninga.

Fylkesrådmannen vil også peike på at det ikkje er noko generelt lovkrav om at alt ein reguleringsplan viser skal byggast, eller byggast samtidig. Det er ikkje juridisk bindande føresegner i reguleringsplanen for Uгла - Skarstein om at køyrevegen ikkje kan byggast utan å samstundes bygge gang- og sykkelveg (planen har berre rekkjefølgjekrav om avkøyrsløse og fellesvegar). Ut i frå dette er FT sitt vedtak i sak 6/2015 ikkje i strid med reguleringsplanen.

Vurdering av trafikk og potensiale for gåande og syklande - dagens situasjon

Trafikktal - køyretøy

Siste registrering på fv. 60 Innvik-Olden var i 2015 med berekna årsgjennomsnittstrafikk (ÅDT) på 1219 køyretøy. Det same året var ÅDT på Utvikfjellet 1199.


I 2017 var ÅDT på Utvikfjellet 1093, en nedgang på ca. 100.

Det er rimeleg å anta at ÅDT mellom Olden og Innvik har gått ned tilsvarande, og at den dermed var ca. 1100 i 2017. Årsaka til nedgangen skuldast i stor grad stenginga ved Utvik sist sommar.

I 2018 vil det skje litt endringar med to ferjer på Anda-Lote og opning av ny veg Olden-Innvik. Det er usikkert korleis dette vil påverke trafikken. Hyppigare ferjeavgangar på Anda-Lote vil truleg gje mindre trafikk på fv. 60, medan opning av ny veg kan føre til auke i trafikken. Samla sett vil det truleg ikkje bli store endringar i trafikktala.

Trafikktala frå 2015 ser ut til å stemme bra om vi ser vekk frå stenginga i Utvik sist sommar.

Figuren nedanfor viser trafikken fordelt over året for fv. 60 Utvikfjellet. Vi legg til grunn at trafikken mellom Olden og Innvik følgjer same årsvariasjon, med vesentleg større trafikk i sommar-månadane enn om vinteren.



År	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	ÅDT	ÅDT tunge	% tunge	Kommentarar
2006	-	-	791	876	883	1212	1734	1507	889	832	655	585	952	185	19,4 %	
2007	534	636	727	864	917	1253	1867	1438	860	759	586	575	917	171	18,6 %	
2008	543	645	824	746	933	1232	1793	1456	900	766	634	606	925	174	18,8 %	- 2017: Stengingar 24.jul-18.aug fv. 60 Utvik (flaum)
2009	528	622	719	944	951	1230	1818	1428	872	811	667	611	936	171	18,3 %	
2010	570	637	710	789	903	1161	1697	1454	918	779	649	574	906	169	18,7 %	
2011	499	641	627	862	886	1279	1743	1464	923	753	705	593	916	178	19,4 %	
2012	569	625	707	859	950	1215	1604	1386	828	-	730	706	915	178	19,5 %	
2013	654	735	992	866	1082	1352	1813	1634	1069	952	804	691	1057	168	15,9 %	
2014	693	831	833	1095	1036	1572	1993	1711	1104	1048	889	781	1135	185	16,3 %	
2015	689	834	957	1099	1227	1600	2082	1874	1196	1075	889	820	1199	221	18,4 %	
2016	676	807	1057	922	1192	1581	2153	1768	1164	1030	825	775	1165	222	19,1 %	
2017	708	857	902	1103	1212	1640	1770	1083	1226							

Merk:

Data fra de enkelte registreringspunktene er kun representativt for den plass registreringen ble foretatt
For trafikktutviklingen for et større geografisk område henvises det til vegtrafikkindeksen

Fv. 60, hp1, km 7.330

Trafikkutvikling etter bygging av ny E39 Byrkjelo – Grodås

I samband med kommunedelplan for ny E39 Byrkjelo – Grodås er det gjort nye trafikkberegningar. Desse syner at ÅDT i 2050 vil vere om lag 500 kjt/d mellom Innvik og Olden. Det er mykje turist-trafikk knytt til Olden, og trafikkmodellen har ein tendens til å undervurdere denne. Trafikkmengda kan difor verte noko høgare enn det som er berekna.

Statens vegvesen vurderer at det vert ein markant nedgang i trafikken etter opning av ny E39 Byrkjelo – Grodås.

Trafikktaal – gåande/syklande

Det er vanskeleg å seie noko om tal gåande/syklande utan noko teljing eller ei avansert trafikkanalyse.

I brev datert 30.09.2017 frå Advokatfirmaet Harris er det oppgitt at rundt 10 bustader har direkte tilkomst til fylkesvegen. I tillegg kan bakanforleggjande bustader ha tilkomst til den regulerte gang- og sykkelvegen via ein sideveg som kjem ned der den regulerte gang- og sykkelvegen startar på Ytre Skarstein.

Det er vidare opplyst i brevet at det er 7 barn i området som i dag går på Olden Barne- og ungdomsskule. Skulen ligg om lag 2 km frå der gang- og sykkelvegen startar og ingen har i utgangspunktet krav på gratis skuleskyss. I tillegg bur her i dag 14 barn under skulepliktig alder.

Vegstandarden i området er 3 meter på køyrefelt med 0,5 meter vegskulder. Det er 60-sone dei siste 500 metrane inn til Olden sentrum. Av desse er 200 meter på ny parsell. Elles er det 80 kilometer i timen.



Oversiktskart: Område for regulert gang- og sykkelveg

Oppsummering

Fylkesrådmannen held fast på at det ikkje er grunnlag for å rekna vedtaket i FT-sak 6/17 ugyldig.

Ev. vidare prioritering av gang- og sykkelveg på strekninga må difor vurderast i høve andre investeringsprosjekt på fylkesvegnettet. Tiltaket vart ikkje prioritert i handsaminga av Regional transportplan for perioden 2018-2027.